

ÅRSMØTE I VALLDAL BYGDEKVINNELAG  
torsdag 2.nov. 2017 kl. 19 på Raudehuset på Døving.

18 møtte.

Leiar Mette Marie Døving ynskta velkomen.

VBK er 85 år i år, og Mette las litt frå referata av dei to første møta.

Ho avslutta med diktet "Di makt" av Jan Magnus Bruheim.

Så song vi "Samlesong" av Marta Schumann.

Årsmøtesaker

Sak 1 Konstituering

Innkalling – godkjend utan merknad.

Sakliste – godkjend utan merknad.

Møteleiar – framlegg om Mette Marie Døving – samrøystes vald.

Skrivar – framlegg om Sunneva Linge – samrøystes vald.

To til å skrive under møteboka –

framlegg om Inger Sissel Berdal og Eva Muribø – samrøystes valde.

Sak 2 Årsmelding ved Mette Marie

Merknader:

1: Mariann Døving var innvald i styret på siste årsmøte.

Ho ba seg fri etter ei tid p.g.a. etterutdanning.

Solveig Linge Stakkestad 1.vara kom då inn i styret, og laget hadde då 3 vara att –

1.vara Nelly Ytterlid, 2.vara Anne Marie M. Moe, 3. vara Astrid B. Andersen.

2: Turgruppe – Anne leiar melde seg ut av laget, Mariann ba seg fritaken.

Nelly og Solveig vart då nye medlemmer i gruppa.

3: "Syng med oss" - Astrid hadde dette truleg 4 gonger ikkje 3.

Årsmeldinga vart vedteken med desse tre merknadene.

Sak 3 Arbeidsplan 2018 ved Mette og Solveig

Merknader:

Kulturskuleavslutning i mai kan strykast.

Arbeidsplanen kan bli endra, nye oppgåver kan kome til utover i 2018.

Planen vart teken til vitande.

Sak 4 Rekneskap ved Turid Aspehjel

Inntekt kr. 2300 (Fredagskafe kr.1460).

Utgifter kr. 3100.

Samla sum i banken kr. 232000.

Laget tek 150 kr. for sal av kokeboka "Den gode smaken".

Muri som sel Seterboka, vil ha 50 kr. pr. bok.

Laget må bestemme om Seterboka skal seljast billegare.

Rekneskapen var godkjend av revisorane Kristin V. Hjelme og Mette N.Valdal.

Årsmøtet godkjende rekneskapen.

#### Sak 5 Kontingent

Framlegg frå styret at lokalkontigenten framleis blir kr.0 – godkjend.  
Laget reknar åresalet som lokalkontigent. Medl. er flinke til å kjøpe årar.  
Laget sponsar medl. ein del, m.a. slepp dei unna full betaling av maten på årsmøte og familiemiddag. Utsendingar til seminar og fylkesårsmøte blir også støtta noko.

#### Sak 6 Referat frå undergrupper

”Syng med oss” ansvar Astrid med Marianne på trekkspel.  
Godt oppmøte og god stemning skriv Astrid.

Sansehage ansvar Judith, Else og Astrid.  
Hatt 3-4 dugnader, prosjektgruppa har hatt 5 møte.  
Det er innkjøpt paviljong som skal oppsetjast.

Heimeside ansvar Judith.  
Judith ynskjer skriv el. bilde tilsendt når ho sjølv ikkje er til stades.

Fredagskafe ansvar Vigdis + resten av kafegruppa.  
Få oppmøtte på siste kafe, få frå heimen og få bygdafolk.  
Fredagskafeen var diskutert på eit møte, skal halde fram til sommar 2018.  
Så får ein ta ny evaluering og og sjå kva som blir bestemt då.

Turgruppe - Nelly fortalde om julelag på VTS, familiemiddag på Petrones,  
sommaravslutning på Nysetra , tur til Osvika – alt vellukka og kjekt.

Nyføddgruppe ansvar Randi og Eva H.  
12 nyfødde har fått sokkegåver til no i år.

”Full fres” har ikkje hatt tilstellingar i år, melde Hanne Svensvik.

#### Sak 7 Val v/ Mariann Døving frå valnemnda

Styre:	Mette Marie Døving leiar	2017 – 2018 attval
	Solveig Linge Stakkestad	2017 – 2019 attval
	Bjørg Sætren Kleppe	2017 – 2019 attval
	Kristin Alstadsæter	2017 – 2019 ny
	Sunneva Linge	2016 – 2018 ikkje på val
1.vara	Nelly Ytterlid	2017 – 2018 attval
2.vara	Eva Muribø	2017 – 2018 ny
3.vara	Mette N. Valdøl	2017 – 2018 attval
4. vara	Astrid B. Andersen	2017 – 2018 attval

Kafegruppe:  
Vigdis Mork, Eva Hanssen, Else Rødal, Inger Sissel Berdal 2017 – 2018.

Tur og aktivitetsgruppe:  
Mette Valdal, Nelly Ytterlid, Solveig L Stakkestad, Brita Relling 2017 – 2018.

Nyføddgåve: Randi Hole Heggen, Eva Hanssen 2017 -2018

Sansehagen: Judith G. Krogh, Else Rødal, Astrid B. Andersen 2017- 2018

Heimeside: Judith G. Krogh 2017 – 2018

”Syng med oss” Astrid B. Andersen 2017 - 2018

Revisorar: Kristin V. Hjelme , Mette N. Valdal 2017 - 2018

Valnemnd: Judith G. Krogh 2015 – 2018  
Nelly Ytterlid 2016 – 2019  
Kristin Alstadsæter 2017 – 2020

Matpause: Gryterett med brød og marsipankake frå Sylteormen bakeri.  
Alt smakte godt!  
Vi avslutta med ” Jeg vil male dagen blå”!

Besøk frå NBK sentralt – Sosan Asgari Mollestad ansvar for ” Kvinner ut”.  
Bygdekvinnelaget skal vere ein fleirkulturell møteplass, få med innflyttarar på diverse aktivitetar i laget. Prosjektet er støtta av Gjensidige.  
Sosan fortalde også om oppveksten sin i Iran og om utdanning og arbeidsplassar ho har hatt. Alt var spennande og interessant å høyre på.  
NBK har no 13500 medl. i over 450 lokallag.  
Sosan fekk ei kokebok og ei seterbok med seg heim.

Til slutt var det åresal og trekning av fine blomstergevinstar.  
Så var det takk for no og vel heim etter ein triveleg VBK-kveld.

Sunneva Linge skrivar